



# Sjukepleiarmangel

**HELSEKRISE.** Heile 17 prosent av norske kommunar har mangel på sjukepleiarar og mangel på sjukepleiarstillingar. Det viser tal frå den ferske FAFO-rapporten «Gull eller gråstein». 102 av kommunane her i landet har hatt ei fallande sjukepleiardekning frå 2003 til 2006. Når målet er å kunne behandle fleire på sjukehus og ha omsorg for fleire i ulike institusjonar, så er den negative utviklinga i talet på sjukepleiarar eit illevarslende signal. Regjeringa har varsla at ein satsar på å nå målet om 10 000 fleire tilsette i omsorgssektoren. Det er vel og bra, og ikkje særleg mykje meir for ein fireårsperiode enn det som også hittil har vore veksttakten, men frå regjeringa si side er det ikkje sagt noko om at desse 10 000 nye skal ha sjukepleiarkvalifikasjonar. Det kan derfor godt skje at talet på sjukepleiarar går ned, mens talet på mindre faglærte hjelpepleiarar aukar. Det er ei lite ønskjeleg utvikling.

**Underskot.** Ein må sjølvstøtt prøve å få utdanna fleire sjukepleiarar, men det er ingen tvang, og styresmaktene er avhengige av at ungdom vil gå den utdanningsvegen. Det ser ut til å vere opplagt at Noreg kjem til å slite med ein sjukepleiarmangel i nokre år, og då er det viktig at ein opnar for rekruttering frå andre land. Det er alt brei semje i Stortinget om at ein ikkje bør søkje etter sjukepleiarar i til dømes afrikanske land, der dei treng alle sjukepleiarane sjølve. Verdshelseorganisasjonen har rekna ut at det på verdsbasis manglar 2,4 millionar legar, sjukepleiarar og jordmødrer for å kunne møte dei helserelevante tusenårsmåla som FN har sett seg. Europa har ti gongar tettare sjukehusdekning enn det Afrika har. Det er derfor frå europeiske

land at vi i tilfelle må søkje om å få rekruttere sjukepleiarar. Ideelt sett burde kvart einskilt land sørge for å vere sjølvforsynt med helsepersonell, og dei rike landa burde eigentleg ha overskot nok til å kunne eksportere helsepersonell til dårlegare stilte land.

**Deltidstilsette.** I tillegg til at vi her i landet bør stimulere kraftig til at fleire unge tar fatt på sjukepleiarutdanning, så må vi også gjere det lettare å rekruttere frå andre land. I så fall må kvalifikasjonane sjekkast grundig. Ein viktig grunn til at vi har eit underskot på sjukepleiarar, er at mange av dei som har utdanna seg til dette yrket, berre arbeider deltid. I Sjukepleiarforbundet si meningsmåling blant medlemene er det heile 41 prosent av sjukepleiarane som svarer at dei arbeider deltid. Statistisk sentralbyrå har funne ut at det var 48 prosent deltidstilsette i spesialisthelsetenesta (i hovudsak sjukehusa) og 58 prosent deltidstilsette i den kommunale helse- og sosialtenesta. Sjukepleiarar som arbeider deltid, er blitt spurt om dei kan tenkje seg å jobbe meir i form av ei full stilling. Nesten 11 000 sjukepleiarar svarte ja på det spørsmålet. Det finst altså eit potensial, men då må både sjukehusa og helse- og pleieinstitusjonane organisere arbeidet sitt betre. Kommunane må også skaffe seg rekrutteringsplanar som skal gjere dei betre i stand til å vere konkurransedyktige i kampen om sjukepleiarane. Eldrebølgja vil stille strengare krav til sjukepleiarkompetanse, og det verkar diverre som om mange kommunar ikkje har teke til å planlegge korleis arbeidskraftbehovet i ein slik situasjon skal dekkjast opp.